- Frå pleie og omsorg til rehabilitering
- Frå passivering til aktivisering
- Frå pasient til partner
- Frå heimeteneste til heimetrening
- Frå rehabiliteringsinstitusjon til heimerehabilitering
- Frå diagnose og hjelpebehov til meistring og ressursar



- Frå særslagleg til tverrfagleg

Kvifor innføre kvardagsrehabilitering i Herøy kommune?

Kvardagsrehabilitering skal bidra til å endre den tradisjonelle måten å tenkje på i pleie og omsorgstenesta.

Frå: Kva er problemet du treng hjelp til?

Til: Kva er viktige aktiviteter i ditt liv som du ynskjer å meistre?

Kvardagsmeistring vektlegg den enkelte sin meistring i kvardagen uansett funksjonsnivå.


Dette inneber eit fokusskifte der ein går frå å spørje brukaren kva vedkommande treng hjelp med, til å spørje kva som kan leggas til rette og opptrenast, slik at brukar meistrar dagleglivet sjølv. I staden for å vere lengst mogleg i eigen heim skal brukaren kunne vere lengst mogleg aktiv i eige liv.

Målet for kvardagsrehabilitering overfor den enkelte brukaren er at vedkommande skal kunne meistre kvardagen sine aktivitetar sjølv i den grad det fysiske, mentale og sosiale funksjonsnivået tillet det. Hjelp og støtte til kvardagsmeistring er derfor det sentrale utgangspunktet.

Dreining frå passiv hjelp til aktiv meistring: Det grunnleggande menneskesynet bak kvardagsrehabilitering går ut på at mennesket ønskjer å vere mest mogleg sjølvhjelpet og meistre sin kvardag i størst mogleg grad sjølv. Den tverrfaglege innsatsen i kvardagsrehabilitering tek utgangspunkt i brukaren sine ressursar.

Kvardagsrehabilitering;

- For å sikre verdig og aktiv aldring. Eldre har ressursar og bidreg i samfunnet.
- Fordi eldre kan, og ønskjer å være aktive og bu heime lengst mogleg, meistre dei kvardagslege oppgåvene og delta i sosialt liv.
- For å hindre "hjelpefeller" med passiviserande tenestar.
- For å førebygge fall i funksjon og dermed utsette behov for pleie og sjukeheim.
- For å sikre bærekraftige helse- og omsorgstenester.
- Det opnar for samarbeid med frivillege og pårørande.
- Kvardagsrehabilitering gir tilfredse brukarar og medarbeidarar og styrka kommuneøkonomi



- Det er godt eigna for eldre og andre med fare for fall i funksjon.

Organisering

Inklusjonskriteriet, ekskludering

Etablering av tverrfagleg team.

Arbeidsgruppa anbefaler integrerte modell, der ergo- og fysioterapeut og sjukepleiar i eit eget team har ansvar for planlegging og oppfølging av prosessen. Treningsaktivitetane med brukaren vert utført av medarbeidarane i heimetenesta (heimetrenerne) etter rettleiing frå teamet.

Iverksetting av tilbod om kvardagsrehabilitering

Arbeidsgruppa rår til at kvardagsrehabilitering som teneste blir gitt på kvardagar. For å få best effekt av treninga må ein arbeide intensivt med brukaren, minst 3-4 gongar i veka då dette gir meir effekt og størst framgang hos brukar. Arbeidsgruppa ser denne måten å arbeide med kvardagsrehabilitering på som nødvendig for å sikre eit godt resultat. Det vil bli nødvendig å sett opp ein tidsplan med forventa avslutning av trening etter kartlegging og utarbeiding av mål. Opptreninga blir tilpassa og justert i takt med utvikling hos brukar. Arbeidsgruppa anbefaler intensiv trening i 6 veker med evaluering undervegs, samt sluttevaluering.


Tilvising / val av brukarar og vedtak

Arbeidsgruppa ser at det kan vere ulike brukargrupper som får tilbod om kvardagsrehabilitering.

Pasientar som blir utskrivne frå sjukehus/rehabiliteringsinstitusjonar og ev. pasientar som reiser ut frå rehabiliteringsopphald / korttidsopphald på sjukeheim.

Kvardagsrehabiliteringsteamet kan kartlegge potensial og behov for rehabilitering før utskrivinga, og setje i verk dei aktuelle tiltaka umiddelbart ved heimkomst. Arbeidsgruppa ser ikkje behovet for å avgrense etter diagnosar.

Personar som søker om heimetenester for fyrste gong og eksisterande brukarar som søker om utvida hjelp som følgje av forverra funksjonsnivå. Dette inneberer at avdelingsleiarar, fastlegar og tiltaksnemnd vurderer alle nye søkjarar og dei som søker om utvida hjelp med tanke på potensiale og motivasjon for kvardagsrehabilitering. Dette krev opplæring utført av motorteam.



Merksemd på rehabiliteringspotensiale overfor alle brukarar av heimetenestene. Det betyr at heimetenesta sine medarbeidarar må lærast opp til å sjå rehabiliterings-potensialet hos alle brukarane. Heimetenesta må motivere brukarar med eit slikt potensial til aktivitet/meistring, og tenesta må ha tilgang til kompetanse som kan bidra til å sette i gang eigna tiltak.

Like viktig som å definere målgruppa, er det å definere brukarar som ikkje skal få tilbod om kvardagsrehabilitering. Viktige eksklusjonskriterier er;

- Brukarar som ikkje har eit rehabiliteringspotensiale (langt komne sjuke/terminalpasientar)
- Brukarar med omfattande kognitiv svikt eller stor mental svikt (demens)
- Brukarar som ikkje er motiverte / ikkje kan motiverast

Intensiv innsats overfor brukarar som ikkje kan nyttiggjere seg tilbodet er lite effektivt.

Ein tydeleg skildring av målgruppa– og ikkje minst ei samstemme om kva for brukarar som kvardagsrehabilitering ikkje er eigna for – har betydning for organisering og krava til kompetanse og leing av kvardagsrehabilitering. Det vil seie at dess breiare målgruppa vert definert, desto større krav vert stilt til leing og oppfølging av innsatsen i kvardagsrehabiliteringa.


Kva krev det av Herøy kommune å sette i gong med kvardagsrehabilitering?

Politisk og administrativ forankring

Dette betyr at politisk og administrativ leing må vere tydeleg på at det kommunale hjelpeapparatet skal arbeide for å forbetre og vedlikehalde brukarane si funksjonsevne. Dette må kommuniserast og følgjast opp både i forhold til brukarar, pårørande og tilsette. I tillegg er det viktig med politisk vilje til å avsette nok ressursar til kvardagsrehabilitering. Sjølv om siktemålet er å spare ressursar på sikt, vil det kunne vere behov for ein pukkel, dvs. ekstra ressursar ved oppstart; det tar lengre tid med tilrettelegging for brukaraktivitet enn det tar å utføre arbeidet for brukar.

Tverrfaglegheit

Motiverte medarbeidarar og møteplassar for medarbeidarane som er involvert i arbeidet overfor den enkelte brukaren, er ein viktig føresetnad for å sikre tverrfagleg praksis. Det er viktig at faggrupper som vektlegg brukar si meistringsevne framfor passiv hjelp, kjem tidleg inn i kontakten med brukar. Samtidig er det viktig at alle medarbeidarar som er involvert i



kvardagsrehabilitering definerer seg sjølv som rehabiliteringspersonell og utviklar ein rehabiliterande arbeidsmåte.

Tilstrekkeleg og rett kompetanse:

Mange norske kommunar har avgrensa ressursar innan ergo- og fysioterapi. Herøy kommune har i dag for lite ressursar innan fysioterapi og ergoterapi. På grunn av dette ser arbeidsgruppa at ein ikkje kan omdisponere eksisterande resursar inn i kvardagsrehabilitering.

Personell og økonomi, ressursar til kvardagsrehabilitering

Det er behov for eit kjernepersonale med, ergoterapeut, fysioterapeut, sjukepleier i 60 % kvar som er ressurspersonar i kvardagsrehabiliteringa. Dette kjernepersonale kaller vi motorteam. Disse bør ha kompetanse og vidareutdanning innan rehabilitering, der rolla er å kunne kartlegge behov, opplæring, holdningsendring, organisering.

Heimetrenerane blir heimetenesta i det enkelte distrikt.

I desse stillingane som motorteam bør det opprettast nye stillingar. Til saman 1,8 årsverk.

Reknestykket er då på kr 500 000,- x1,8 årsverk x ca. 1,4 (løn, sosiale utgifter og arbeidsgivar avgift). Dette utgjer ca. kr 1 260 000,-


Bakgrunn for val av 60 % stilling per faggruppe er fleire.

- Ein føresetnad for at kvardagsrehabilitering teamet skal fungere er at dei arbeider tverrfagleg. Dette krev ein viss kontinuitet der teamet arbeider saman.
- Viktig å halde på fagressursar, mindre stillingar aukar sjansen for gjennomstrøyming.
- Erfaringar frå andre kommunar, viser at det krev så pass stor stillingsprosent for å få gjennomført kvardagsrehabilitering med dei arbeidsoppgåvene som ligger i arbeidet.
- Teamet har ansvar for haldningsendring og opplæring for personalet, brukarar og befolkning generelt. Det er umogleg å omgjere fagstillingar av det som er kjernepersonell pga lite ressursar. For å klare å få til kvardagsrehabilitering trenger vi nye stillingar i motorteamet.

Ny arbeidskultur i Herøy kommune.

For Herøy kommune er kvardagsrehabilitering ein ny arbeidsmetode som vil krevje nytt tankesett og bevisstgjerjing. Dette vil krevje;

- Opplæring for å skape innsikt og forståing for satsing på kvardagsrehabilitering.



- Ny arbeidsmåte for pleie og omsorgstenesta.
- Målretta og god informasjon over tid

Målet er å skape ein felles forståing for kva kvardagsrehabilitering er. Det er viktig at det blir sett av tid til den form for arbeid før oppstart. Informasjon og opplæring må tilpassast ulike målgrupper og gjentakast over tid.

Arbeidsgruppa sine anbefalingar for god etablering av kvardagsrehabilitering.

Anbefalingane her er basert på rapporten "*Hverdagsmestring og hverdagsrehabilitering*", skrevet av prosjektgruppa "Hverdagsrehabilitering i Norge i 2012" og KS sin rapport utarbeidd av Fürst og Høverstad (2014). Desse anbefalingane støtter arbeidsgruppa seg til.


1. Kvardagsrehabilitering må forankrast i kommunen sin politiske, administrative og faglege leiing.
2. Kvardagsrehabilitering må planleggast med tilstrekkeleg og rett kompetanse.
3. Kvardagsrehabilitering må ta utgangspunkt i brukar sine ønskjer og individuelle mål for aktiviteten.
4. Kvardagsrehabilitering er tverrfagleg forpliktande.
5. Kvardagsrehabilitering krev systematisk kartlegginga og rekruttering av potensielle brukarar.
6. Kvardagsrehabilitering krev målretta styring av heimetenesta sine ressursar og forbruk, dvs avsett tid til trening med brukarar.

Handlingsplan

1. Planen vert politisk behandla våren 2016.
2. Det vert oppstart av kvardagsrehabilitering 01.01.2017.

Vedlegg

Vedlegg 1. Utvida plan kvardagsrehabilitering i Herøy Kommune.



HERØY KOMMUNE
HERØY KOMMUNE

Kvardagsrehabilitering i Herøy Kommune


Utvida plan

Delplan i Rehabiliteringsplan

Roger Kvalsvik, Tommy Dahl, Marie Bendal og Gunn Helsem Leine


«Omsorgskrisen skapes ikke av eldrebølgen, men av forestillingen om at omsorg ikke kan gjøres annerledes enn i dag.» Kåre Hagen st. meld 29. morgendagens omsorg.

2015




Innhald

1.0 Bakgrunn, mandat og opplegg for prosjektet	3
1.1 Oppnemning av arbeidsgruppe – Rehabiliteringsplan.	3
1.2 Gruppa får følgjande mandat	3
2.0 Samandrag.....	4
3.0 Kvardagsrehabilitering	5
3.1 Innføring av kvardagsrehabilitering	5
3.2 Kva er kvardagsrehabilitering?	7
3.3 Kva er kvardagsmeistering - tankesett og arbeidsform?	8
3.4 Kvifor kvardagsrehabilitering?	9
3.5 Fagressursar og økonomi	9
3.5.1 Økonomiske innsparingar:	10
3.5.2 Mål og intensjonar	11
3.5.3 Medarbeidartilfredsheit:	11
3.6 Suksesskriterier for kvardagsrehabilitering i Herøy kommune	11
3.6.1 Politisk og administrativ forankring	11
3.6.2 Tverrfaglegheit	12
3.6.3 Tilstrekkeleg og rett kompetanse:	12
4.0 Modellar for kvardagsrehabilitering.....	12
4.1 Inspirasjonskjelda Fredericia.....	12
4.2 Kva skil modellane frå kvarandre?	13
4.2.1 Ulike måtar å organisere tenesta.	13
4.3 Ny arbeidskultur i Herøy kommune.	14
5.0 Organisering.....	14
5.1 Etablering av tverrfagleg team.	14
5.2 Iverksetting av tilbod om kvardagsrehabilitering	15
5.3 Arbeidsprosessen:	16
5.4 Tilvising / val av brukarar og vedtak	16
6.0 Kartlegging og oppfølging.....	18
6.1 Kartleggingsverktøy	18
7.0 Dokumentasjon	18
7.1 Dokumentasjon Gerica.....	18
7.2 Samarbeidspartar	18



7.3 Personell og økonomi, ressursar til kvardagsrehabilitering	19
7.4 Vil kvardagsrehabilitering føre til økonomiske gevinstar i kommunen?	19
8.0 Arbeidsgruppa sine anbefalingar	20
8.1 Arbeidsgruppa sine anbefalingar for god etablering av kvardagsrehabilitering.	20
9.0 Handlingsplan.....	20
10.0 Litteraturliste.....	21
10.1 Internettside	21



1.0 Bakgrunn, mandat og opplegg for prosjektet

1.1 Oppnemning av arbeidsgruppe – Rehabiliteringsplan.

Pleie- og omsorgsleiar og Barn-, familie- og helseleiar oppnemnde med dette Roger Kvalsvik, Marie Bendal, Berit Aasen og Tommy Dahl som arbeidsgruppe til å arbeide fram rehabiliteringsplan. «Berit Aasen slutta i februar 2015, vi fekk inn eit nytt medlem i mars 2015 Gunn Helsem Leine.» Roger Kvalsvik vert oppnemnd som leiar av gruppa og Tommy Dahl som sekretær

1.2 Gruppa får følgjande mandat

Kommunestyret har vedteke Helse og omsorgsplanen, sak 21/14.

I planen pkt. 4.5. Sosial, psykososial og medisinsk habilitering og rehabilitering er målet at brukaren skal kunne leve eit sjølvstendig liv.

Strategien for å nå dette målet er:

Felles haldning på «sjølvhjelp er velhjelp» samt fokus på tidleg intervensjon for rask tilbakeføring i eige liv, med hjelp til sjølvhjelp framfor behandling.


Tiltak for å nå målet er mellom anna utforming av ein ny rehabiliteringsplan med fokus på kvardagsrehabilitering.

På bakgrunn av dei føringane og prioriteringane som ligg i Helse- og omsorgsplanen ber vi om at gruppa lagar forslag til ein plan for rehabilitering generelt, samt ein eigen delplan for kvardagsrehabilitering. Forslaget må innehalde konkrete forslag til tiltak innbefatta økonomiske konsekvensar. Frist for arbeidet settast til 01.06. 15 når det gjeld plan for kvardagsrehabilitering og 31.12.15 for planen for rehabilitering..

Arbeidsgruppa skal syte for nødvendig involvering av aktuelle partar basert på ei innleiande interessentanalyse.

Inntil vidare rapporter leiar av arbeidsgruppa til Pleie- og omsorgsleiar og Barn-, familie- og helseleiar. Det vert vurdert å oppnemne ei styringsgruppe, og saka vert drøfta med helse- og omsorgskomiteen i møte den 23.10.14.

Arbeidsgruppa fekk utsetting til 01.12.15



2.0 Samandrag

Arbeidsgruppa har valt å lage 2 utgåver av plan for kvardagsrehabilitering i Herøy kommune. Ein kortversjon på 8 sider og ein utvida plan på 21 sider. Ved å lese kortversjonen får ein god oversikt over fagområdet. Om ein ynskjer å gå djupare så bør ein lese utvida plan.

På bakgrunn av den demografiske utviklinga med mange fleire eldre, endring av sjukdomsbiletet, ny helse og sosiallov og innføring av samhandlingsreforma ynskjer Herøy kommune å ha fokus på helsefremjande arbeid og tidleg intervensjon. Kommunen ser at etablering av kvardagsrehabilitering kan vere med å gjere det mogleg å oppfylle kommunen sine lovmessige forpliktingar.

Kvardagsrehabilitering skal bidra til å endre den tradisjonelle måten å tenkje på i tenesteytinga.


Frå: Kva er problemet du treng hjelp til?

Til: Kva er viktige aktiviteter i ditt liv som du ynskjer å meistre?

Kvardagsmeistring vektlegg den enkelte sin meistring i kvardagen uansett funksjonsnivå. Dette inneber eit fokusskifte der ein går frå å spørje brukaren kva vedkommande treng hjelp med, til å spørje kva som kan leggas til rette og opptrenast, slik at brukar meistrar dagleglivet sjølv. I staden for å vere lengst mogleg i eigen heim skal brukaren kunne vere lengst mogleg aktiv i eige liv.

Målet for kvardagsrehabilitering overfor den enkelte brukaren er at vedkommande skal kunne meistre kvardagen sine aktivitetar sjølv i den grad det fysiske, mentale og sosiale funksjonsnivået tillet det. Hjelp og støtte til kvardagsmeistring er derfor det sentrale utgangspunktet.

Dreining frå passiv hjelp til aktiv meistring: Det grunnleggande menneskjesynet bak kvardagsrehabilitering går ut på at mennesket ønskjer å vere mest mogleg sjølvhjelpet og meistre sin kvardag i størst mogleg grad sjølv. Den tverrfaglege innsatsen i kvardagsrehabilitering tek utgangspunkt i brukaren sine ressursar.



Anbefalinga frå arbeidsgruppa er at organisering av tenesta kvardagsrehabilitering i Herøy kommune i er den integrerte modell, der ergo- og fysioterapeut og sjukepleiar i eit eget team har ansvar for planlegging og oppfølging av prosessen. Treningsaktivitetane med brukaren vert utført av medarbeidarane i heimetenesta (heimetrenerne) etter rettleiing frå teamet.

Arbeidsgruppa anbefaler at tenesta kvardagsrehabilitering vert oppstarta med følgjande ressursar: 60% fysioterapeut, 60% ergoterapeut og 60% sjukepleiar.

3.0 Kvardagsrehabilitering


3.1 Innføring av kvardagsrehabilitering

Samhandlingsreforma, ny helse- og omsorgslov og nasjonal helseplan, angir endringar i helse- og velferdstenesta. Bakgrunnen for endringane er primært den demografiske utviklinga og endringane av sjukdomsbiletet. Målsettinga om Innføring av kvardagsrehabilitering støttast av formålsparagrafen til Lov om kommunale helse- og omsorgstenester:


- at den enkelte får moglegheit til å leve og bu sjølvstendig og til å ha ein aktiv og meningsfylt fellesskap med andre
- sikre samhandling, og at tenestetilbodet blir tilgjengeleg for pasient og brukar, samt sikre at tilbodet er tilpassa den enkelte sitt behov
- sikre at tenestetilbodet vert lagt til rette med respekt for den enkelte sin integritet og verdigheit
- bidra til at ressursane vert utnytt best mogleg

Framskrivingar med utgangspunkt i dagens tenestenivå vil utfordre samfunnet si bæreevne. Innovasjon i omsorg (NOU 2011:11) presenterer fleire forslag til nytenking og innovasjon for å imøtekomme framtida sine omsorgsutfordringar. Både Samhandlingsreforma og NOU 2011:11 legg innovasjon og nytenking til grunn for utvikling av framtida sine helse- og velferdstenester.

Noreg vil fram mot 2050 få ein betydeleg auke i tall på eldre. I følgje SSB vil tal på personar over 80 år og eldre kome til å auke frå 190 000 i 2000 til nesten 320 000 i 2030, og over 500 000 i 2050. Vi ser av kommunestatistikken frå Møre og Romsdal for 2015 at tilsvarande utvikling vert i Herøy kommune. Høg levealder betyr at folk er ved god helse og at Noreg har



gode velferdsordninger, men fleire eldre betyr også at det blir fleire som er sjuke og som har behov for helse- og velferdstenester.



8. des. 2015


Aftenposten 02.10.09

6

Det er også grunn til å tru at talet på yngre brukarar av kommunale helse- og omsorgstenester vil fortsette å auke i åra framover. Fleire skal være aktive med funksjonsnedsetting, blant anna med sjukdomar knytt til levevaner og helseåtfærd.

Samhandlingsreforma og nytt lovverk legg til grunn at liggetida i spesialisthelsetenesta blir kortare. Kommunane må bygge opp større breidde i helse- og omsorgstenesta, og etablere nye løysingar for å styrke det kommunale tilbodet.

Eit av dei kommunale tilboda er satsinga på kvardagsrehabilitering. I Noreg er det pr. 17.11.15, 127 kommunar som har praktisk erfaring med kvardagsrehabilitering og fleire er i planleggingsfasa.



3.2 Kva er kvardagsrehabilitering?


Kvardagsrehabilitering er eit tidsavgrensa og tverrfagleg tilbod som skal bidra til at fleire kan leve eit mest mogleg sjølvstendig liv og bu heime så lenge som mogleg. Som ein motvekt til den kompenserande sjukepleia, med hovudfokus på sjukdom, funksjonstap, behandling og pleietiltak, rettast fokus ved kvardagsrehabilitering på å ta oppatt, bevare, og fremje helse og meistringsevne gjennom støttande og rettleiande tiltak. Den enkelte sitt potensiale til rehabilitering vurderast og vektleggast før ein eventuell kompenserande bistand vert i verksett.

Det må samtidig presiserast at kvardagsrehabilitering skil seg frå ordinær rehabilitering med ergoterapeutar og fysioterapeutar. Kvardagsrehabilitering er meir generelle rehabiliteringstiltak som i utgangspunktet alle i omsorgstenesta kan hjelpe med.

Kvardagsrehabilitering inneberer rask igangsetting av tiltak, med intensiv hjelp i ein tidsavgrensa periode. Tiltak vert utført i eller i tilknytning til eigen heim og nærmiljø, som tek utgangspunkt i den enkelte sine ressursar, ønskjer, moglegheiter og personlege mål. Fokus er kva brukaren opplever som viktig i sitt liv, og kva som er vesentleg for å kunne oppnå meistring i eige liv. Motivasjon og å hjelpe brukaren til å sjå reelle moglegheiter er av stor betydning i forkant av oppstart med kvardagsrehabilitering. Kvardagsrehabilitering inneberer oppsøkjande verksemd og tidleg oppsporing av potensielle utfordringar, slik at ein har moglegheit til å setje i verk tiltak før sjukdom og funksjonstap. Erfaringar har vist at tidleg kartlegging av rehabiliteringspotensiale hos brukar med tidleg og intensiv opptrening aukar meistringsevna og reduserer behov for hjelp frå det offentlege.

Kvardagsrehabilitering inneberer eit fokusskifte og haldningsendringar:

- Frå sjukeheim til bustad og nærmiljø
- Frå pleie til rehabilitering
- Frå passivisering til aktivisering
- Frå pasient til partner
- Frå heimeteneste til heimetrening
- Frå rehabiliteringsinstitusjon til heimerehabilitering
- Frå diagnose og hjelpebehov til meistring og ressursar
- Frå særfagleg til tverrfagleg



3.3 Kva er kvardagsmeistring - tankesett og arbeidsform?


Der kvardagsmeistring er eit grunnleggjande, førebyggjande og rehabiliterande tankesett er kvardagsrehabilitering arbeidsforma som blir skapt utifrå dette tankesettet. Her skil ein mellom tankesett og arbeidsform.

Kvardagsmeistring vektlegg den enkelte sin meistring i kvardagen uansett funksjonsnivå. Dette inneber eit fokusskifte der ein går frå å spørje brukaren kva vedkommande treng hjelp med, til å spørje kva som kan leggas til rette og opptrenast, slik at brukar meistrar dagleglivet sjølv. I staden for å vere lengst mogleg i eigen heim skal brukaren kunne vere lengst mogleg aktiv i eige liv. (Ness m fleire -12).

Kvardagsrehabilitering startar med spørsmålet “kva er viktig for deg?” Det vil seie at i kvardagsrehabilitering tek ein utgangspunkt i brukar sine mål og kva for aktivitetar som er viktige for brukaren å meistre no.



Prosjektrapporten Hverdagsmeistring og hverdagsrehabilitering



3.4 Kvifor kvardagsrehabilitering?


- For å sikre verdig og aktiv aldring. Eldre har ressursar og bidreg i samfunnet.
- Fordi eldre kan, og ønskjer å være aktive og bu heime lengst mogleg, meistre dei kvardagslege oppgåvene og delta i sosialt liv.
- For å hindre "hjelpfelle" med passiviserande tenestar.
- For å førebygge fall i funksjon og dermed utsette behov for pleie og sjukeheim.
- For å sikre bærekraftige helse- og omsorgstenester.
- Det opnar for samarbeid med frivillege og pårørande.
- Kvardagsrehabilitering gir tilfredse brukarar og medarbeidarar og styrka kommuneøkonomi
- Det er godt eigna for eldre og andre med fare for fall i funksjon.

3.5 Fagressursar og økonomi

Dei viktigaste argumenta for innføring av kvardagsrehabilitering er å gi ei betre kvalitativ teneste og utvikle eit meire førebyggjande og rehabiliterande perspektiv på tenestane. Det er ein stor interesse i norske kommunar for kvardagsrehabilitering. Noko av denne interessa kan skuldast at det i svenske og danske rapporter, vert rapportert om økonomiske gevinstar for kommunane. KS rapporten "*Fra passiv mottaker til aktiv deltaker*" seier at det er ein grunn til å åtvare om forventa økonomisk gevinst i norske kommunar på kort sikt. Spesielt fordi grunnbemanninga av ergoterapeutar og fysioterapeutar er mykje lågare i norske kommunar enn i våre naboland, Danmark og Sverige. I tillegg kjem behovet for opplæring til endra tankesett og teamoppbygging, noko som vil ta tid og krevje ressursar.

Fredericia kommune med ca. 50.000 innbyggjar har ca. 30 ergoterapeutar og 30 fysioterapeutar dvs. 6 ergoterapeutar/fysioterapeutar pr. 10.000 innbyggjar.

Til samanlikning med Östersund og Fredericia har Trondheim (2010), med 130.000 innbyggjar, 40 årsverk fysioterapeutar og 29 årsverk ergoterapeutar (for både barn og vaksne). I tillegg har kommunen 15 tilsette fordelt på tverrfaglege innsats- eller heimerehabiliteringsteam (ergoterapeutar, fysioterapeutar, sjukepleiarar og aktivitetørar). Dei fleste kommunar i Noreg har langt dårlegare dekning av terapeutar. Dette gjelder også Herøy kommune som har 100 % stilling kommunal fysioterapeut og 100% stilling ergoterapeut. 600% stilling private fysioterapeutar med driftstilskot. Det arbeider 7 personar i desse tilskota.



I følge Riksrevisjonen (2012) er det ca. 2,9 ergoterapeutar pr. 10.000 innbyggjarar i norske kommunar, men det er stor variasjon. 140 kommunar i Norge manglar ergoterapitenester (Norsk Ergoterapeutforbund 2011). Riksrevisjonen (2012 s. 13) seier:

«I perioden 2008–2010 har det vært en økning i ventetider innen fysikalsk medisin og rehabilitering. Det er betydelige ventetider både til rehabiliteringstiltak i spesialisthelsetjenesten og til rehabiliteringsplass i kommunene, samt når det gjelder fysioterapi og ergoterapi i kommunene. Konsekvensene av lange ventetider er at noen pasienter opplever funksjonsforverring, faller ut av arbeidslivet eller opplever sosial isolering. Funksjonsforverring vil uten de rette rehabiliteringstiltakene kunne resultere i redusert funksjons- og mestringsnivå for pasienten. Etter Riksrevisjonens vurdering kan manglende rett og lange ventetider har store konsekvenser for den enkeltes helse»


www.riksrevisjonen.no/Rapporter/Documents/2011-2012/Dokumentbase_3_11_2011_2012.pdf

3.5.1 Økonomiske innsparingar:

Den demografiske utviklinga inneber ein betydeleg auke i tal på eldre med redusert funksjonsnivå i åra framover. Utan endring i tenesteideologi og arbeidsformer, vil dette føre til store utfordringar når ein tenker på både rekruttering av omsorgsytarar med nødvendig kompetanse, og finansiering av tenestene.

Tidleg tverrfagleg rehabiliterande innsats skal bidra til å utsetje funksjonssvikt og gjere brukarane mindre avhengig av pleie og personleg bistand eller tilbod i ein pleie- og omsorgsinstitusjon. I ein avgrensa tidsperiode krev rehabilitering meir ressursar enn tradisjonell pleie og omsorg. Det er tidkrevjande og krevjar samansett tverrfagleg kompetanse å motivere, legge til rette og trene brukaren til å utføre oppgåver sjølv. På kort sikt er det ofte mindre ressurskrevjande at ein tenesteytar utfører oppgåvene utan brukeran sin medverknad.

Det blir av mange åtvare mot å sjå på kvardagsrehabilitering primært som eit innsparingstiltak – dette fører lett til målkonfliktar. Etter Ness med fleire sin oppfatning må utgangspunktet for innføring av kvardagsrehabilitering være å få til betre tenester som tek utgangspunkt i brukaren sine ønskjer. Økonomiske effektar i form av innsparing kan ein fyrst rekne med etter ein pukkelfase som er knytt til auka ressursinnsats til terapeutar og utvikling av rehabiliteringskompetansen i kommunen. Dette er i tråd med rapportane frå svenske og danske kommunar.



3.5.2 Mål og intensjonar

Målet for kvardagsrehabilitering overfor den enkelte brukaren er at vedkomande skal kunne meistre kvardagen sine aktivitetar sjølv i den grad det fysiske, mentale og sosiale funksjonsnivået tillet det. Hjelp og støtte til kvardagsmeistring er derfor det sentrale utgangspunktet:

Dreining frå passiv hjelp til aktiv meistring: Det grunnleggande menneskesynet bak kvardagsrehabilitering går ut på at mennesket ønskjer å vere mest mogleg sjølvhjelp og meistre sin kvardag i størst mogleg grad sjølv. Den tverrfaglege innsatsen i kvardagsrehabilitering tek utgangspunkt i brukaren sine ressursar.


3.5.3 Medarbeidartilfredsheit:

Evalueringsrapporten frå danske kommunar slår fast at dei fleste medarbeidarane som var med i tverrfaglege team eller på anna vis var engasjert i kvardagsrehabilitering, ikkje kan tenke seg å gå tilbake til meir tradisjonell gjere-for-omsorg. Å sjå at brukarar meistrer aktivitetar som dei tidlegare ikkje har klart, gir ein fagleg/profesjonell tilfredsstilling. Evalueringsrapportane tyder på at dette gjeld både medarbeidarar som har rehabilitering som si hovudoppgåve (ergoterapeutar, fysioterapeutar og sjukepleiarar med rehabiliteringsoppgåver) og medarbeidarar som i utgangspunkt ikkje hadde verken utdanning eller oppgåver som var eksplisitt rehabiliteringsretta. Ein ideologi og arbeidsform som gir moglegheit for utfolding og fagleg stoltheit, kan vere eit konkurransefortrinn i kampen om arbeidskraft. Rett kompetanse og engasjerte medarbeidarar (haldningar og engasjement) er ein viktig føresetnad for ei vellykka kvardagsrehabilitering. Dette er eit av dei sentrale suksesskriteriane som vi drøftar i avsnittet nedanfor.

3.6 Suksesskriterier for kvardagsrehabilitering i Herøy kommune

3.6.1 Politisk og administrativ forankring

Dette betyr at politisk og administrativ leiing må vere tydeleg på at det kommunale hjelpeapparatet skal arbeide for å forbetre og vedlikehalde brukarane si funksjonsevne. Dette må kommuniserast og følgjast opp både i forhold til brukarar, pårørande og tilsette. I tillegg er det viktig med politisk vilje til å avsette nok ressursar til kvardagsrehabilitering. Sjølv om siktemålet er å spare ressursar på sikt, vil det kunne vere behov for ein pukkel, dvs. ekstra ressursar ved oppstart; det tar lengre tid med tilrettelegging for brukaraktivitet enn det tar å utføre arbeidet for brukar.



3.6.2 Tverrfaglegheit

Motiverte medarbeidarar og møteplassar for medarbeidarane som er involvert i arbeidet overfor den enkelte brukaren, er ein viktig føresetnad for å sikre tverrfagleg praksis. Det er viktig at faggrupper som vektlegg brukar si meistringsevne framfor passiv hjelp, kjem tidleg inn i kontakten med brukar. Samtidig er det viktig at alle medarbeidarar som er involvert i kvardagsrehabilitering definerer seg sjølv som rehabiliteringspersonell og utviklar ein rehabiliterande arbeidsmåte.

3.6.3 Tilstrekkeleg og rett kompetanse:

Mange norske kommunar har avgrensa ressursar innan ergo- og fysioterapi. Herøy kommune har i dag for lite ressursar innan fysioterapi og ergoterapi. På grunn av dette ser arbeidsgruppa at ein ikkje kan omdisponere eksisterande resursar inn i kvardagsrehabilitering.


4.0 Modellar for kvardagsrehabilitering.

4.1 Inspirasjonskjelda Fredericia

Fredericia kommune i Danmark sett i gang sitt prosjekt med kvardagsrehabilitering (Længst Muligt i Eget Liv - LMEL) i 2008. Fredericia kommune la vekt på førebygging og tidleg intervensjon overfor brukarar med gradvis eller plutselig funksjonssvikt.

Kvardagsrehabilitering innebar at innbyggjarane som søkte om heimeteneste for fyrste gong vart møtt av eit tverrfagleg team, med fysio- og ergoterapeutar og/eller sjukepleiarar. Teamet kartla søkjeran sine behov og ressursar. Kvardagsrehabiliteringa vart utført av heimhjelparar som hadde fått opplæring som heimetrenarar og som var knytt til det tverrfaglege teamet. Etter ein forsøksperiode vart kvardagsrehabilitering overført til ordinær drift ved etablering av tverrfaglege team i alle distrikta frå årsskiftet 2009/2010. Ein sentral føresetnad for Fredericia-modellen var at kvardagsrehabilitering må kunne gå tungt inn i ein avgrensa periode. Heimetrenarane måtte ha god tid til å støtte brukarane med sikte på meistring og sjølvstende. Innsatsen vart evaluert fortløpande og trappa ned, etter kvart som brukaren klarte å utføre dei aktivitetane som var målet for rehabiliteringsprosessen (jf. <http://www.fredericia.dk>).

I 2010 starta Fredericia eit nytt prosjekt – “*Trænende Hjemmehjælp*”. Siktemålet med dette prosjektet var å implementere kvardagsrehabilitering i dei ordinære heimetenestene. Etter ein pilotfase, vart “*Trænende Hjemmehjælp*” etablert i alle kommunale pleie- og omsorgsdistrikta ved årsskiftet 2010/2011. Tilbodet retta seg mot eksisterande brukarar av



heimetenesta, og tok sikte på bevisst arbeid for å bevare og utvikle funksjonsevna og meistring. Det blei tatt ei revurdering av tildelte tenester med sikte på å avklare rehabiliteringspotensiale og brukaren sin motivasjon. Pleiepersonalet fekk bistand frå eit tverrfagleg team til å utarbeide ein «Borgerens Plan» som skildra mål og tiltak. Medarbeidarane fekk også rettleiing frå teamet i det daglege arbeidet. “*Trænende Hjemmehjælp*” vart tildelt som ei eiga teneste, som eit alternativ til kvardagsrehabilitering eller dei tradisjonelle servicetenestene. I ein avgrensa periode fekk pleiepersonalet ekstra tid til å gjennomføre tiltaka og nå måla i Borgerens Plan. (Kjellberg P.K. m.fl. 2011). Fredericia-modellen har i mange samanhengar nærmast blitt synonymt med kvardagsrehabilitering. Dette skuldast ikkje minst at arbeidet i Fredericia har blitt jamleg blitt oppfølgt og dokumentert av forskarar etter avtale med Dansk Sundhetsinstitut (jf. bl.a. Kjellberg P.K. m.fl. 2013, Kjellberg P.K. m.fl. 2011, Kjellberg J. og R. Ibsen 2010). Fredericia fekk i 2010 den danske innovasjonsprisen for si omlegging av pleie- og omsorgstenestene. I tillegg til kvardagsrehabilitering inneberer det faste heimebesøk hjå innbyggjarar som er utskrivne frå sjukehus, bruk av velferdsteknologi og informasjon til innbyggjarane (NOU 2011:11).

4.2 Kva skil modellane frå kvarandre?

Det er ulike måtar å organisere kvardagsrehabilitering på i dei ulike kommunane Noreg. Det er til dømes kommunar med tverrfaglege team som har fast tilknytt heimetreningar og som har ansvar for heile prosessen. Andre kommunar har eit terapeutteam og heimetreningar i heimetenesta.

4.2.1 Ulike måtar å organisere tenesta.


1. Kvardagsrehabilitering knytt til heimetenesta.
2. Kvardagsrehabilitering knytt til helsetenesta (ergo-/ fysioterapi- eller rehabiliteringstenesta)
3. Delt organisering (terapeutar i rehabiliteringseiningar, heimetreningar i heimetenesta)

Arbeidsgruppa anbefaler modell 1. sjå nærare om dette under [punkt 5.0](#).

4.2.2 Kompetanse

Som kommentert ovanfor er tilstrekkeleg og rett kompetanse ein viktig føresetnad for kvardagsrehabilitering.

Rapporten “*Hverdagsmestring og hverdagsrehabilitering*” (Ness m.fl., 2012) kommenterer at norske kommunar gjennomgåande har lavare dekning med ergoterapeutar og fysioterapeutar enn svenske og danske kommunar. Rapporten viser til faren for at



øyremerking av terapeutar til kvardagsrehabilitering, kan gå ut over rehabiliteringsarbeidet overfor andre målgrupper.

Kvardagsrehabilitering er avhengig av ergo- og fysioterapeutkompetanse. Like viktig er det imidlertid at medarbeidarar i heimetenesta som deltek i kvardagsrehabilitering, er innstilt på og har kompetanse til å arbeide rehabiliterande.

Som omtala tidlegare, inneberer kvardagsrehabilitering ei endra innstilling til pleie- og omsorgstenesta sin arbeidsmåte. Ein overgang frå einseitig vektlegging av rolla som hjelpar til ei styrking av rolla som ein som legg til rette og som gir støtte.

Endring av haldningar krev at medarbeidarane har kompetanse som er nødvendig for å sikre at intensjonar vert realisert i praksis. Program for kompetanseutvikling i heimetenesta er difor viktige. I kvardagsrehabilitering treng eit kjernepersonale av ergoterapeut, fysioterapeut og sjukepleier som fungerer som motorteam. Arbeidsgruppa anbefaler at motorteamet har vidareutdanning i rehabilitering. Dette teamet bør ha ansvaret for opplæring av heimetenesta angående kvardagsrehabilitering og kvardagsmeistring. I tillegg skal teamet ha ansvar for opplæring til den enkelte heimetrenar med dei aktuelle brukarane. Arbeidsgruppa ser også at dette motorteamet kan vere ein kunnskapsformidlar til alle parter som treng informasjon om kvardagsrehabilitering.

4.3 Ny arbeidskultur i Herøy kommune.

For Herøy kommune er kvardagsrehabilitering ein ny arbeidsmetode som vil krevje nytt tankesett og bevisstgjerjing. Dette vil krevje;


- Opplæring for å skape innsikt og forståing for satsing på kvardagsrehabilitering.
- Ny arbeidsmåte for pleie og omsorgstenesta.
- Målretta og god informasjon over tid

Målet er å skape ein felles forståing for kva kvardagsrehabilitering er. Det er viktig at det blir sett av tid til den form for arbeid før oppstart. Informasjon og opplæring må tilpassast ulike målgrupper og gjentakast over tid.

5.0 Organisering

5.1 Etablering av tverrfagleg team.


Anbefalinga frå arbeidsgruppa er at organisering av tenesta kvardagsrehabilitering i Herøy kommune i modell 1 som er den integrerte modell, der ergo- og fysioterapeut og sjukepleiar i eit eget team har ansvar for planlegging og oppfølging av prosessen. Treningsaktivitetane



med brukaren vert utført av medarbeidarane i heimetenesta (heimetrenerne) etter rettleiing frå teamet.


5.2 Iverksetting av tilbod om kvardagsrehabilitering

Arbeidsgruppa rår til at kvardagsrehabilitering som teneste blir gitt på kvardagar. For å få best effekt av treninga må ein arbeide intensivt med brukaren, minst 3-4 gongar i veka då dette gir meir effekt størst framgang hos brukar. Arbeidsgruppa ser denne måten å arbeide med kvardagsrehabilitering på som nødvendig for å sikre eit godt resultat. Det vil bli nødvendig at det bli sett opp ein tidsplan med forventa avslutning av trening etter kartlegging og utarbeiding av mål. Opptreninga blir tilpassa og justert i takt med utvikling hos brukar. Arbeidsgruppa anbefaler intensiv trening i 6 veker med evaluering undervegs, samt sluttevaluering.



5.3 Arbeidsprosessen:

Arbeidsgruppa har utarbeida ein modellen for kvardagsrehabilitering i Herøy kommune som bygg på modellen frå Fredericia.



Figur 1: Organisering av kvardagsrehabilitering, med dei tilsette sine hovudoppgåver.


5.4 Tilvising / val av brukarar og vedtak

Arbeidsgruppa ser at det kan vere ulike brukargrupper som får tilbod om kvardagsrehabilitering.

Pasientar som blir utskrivne frå sjukehus/rehabiliteringsinstitusjonar og ev. pasientar som reiser ut frå rehabiliteringsopphald / korttidsopphald på sjukeheim.

Kvardagsrehabiliteringsteamet kan kartlegge potensial og behov for rehabilitering før utskrivinga, og setje i verk dei aktuelle tiltaka umiddelbart ved heimkomst. Arbeidsgruppa ser ikkje behovet for å avgrense etter diagnoser.

Personar som søker om heimetenester for fyrste gong og eksisterande brukarar som søker om utvida hjelp som følgje av forverra funksjonsnivå. Dette inneberer at avdelingsleiarar, fastlegar og tiltaksnemnd vurderer alle nye søkjarar og dei som søker om utvida hjelp med



tanke på potensiale og motivasjon for kvardagsrehabilitering. Dette krev opplæring utført av motorteam.


Merksemd på rehabiliteringspotensiale overfor alle brukarar av heimetenestene. Det betyr at heimetenesta sine medarbeidarar må lærast opp til å sjå rehabiliterings-potensialet hos alle brukarane. Heimetenesta må motivere brukarar med eit slikt potensial til aktivitet/meistring, og tenesta må ha tilgang til kompetanse som kan bidra til å sette i gang eigna tiltak.

Like viktig som å definere målgruppa, er det å definere brukarar som ikkje skal få tilbod om kvardagsrehabilitering. Viktige eksklusjonskriterier er;

- Brukarar som ikkje har eit rehabiliteringspotensiale (langt komne sjuke/terminalpasientar)
- Brukarar med omfattande kognitiv svikt eller stor mental svikt (demens)
- Brukarar som ikkje er motiverte / ikkje kan motiverast

Intensiv innsats overfor brukarar som ikkje kan nyttiggjere seg tilbodet er lite effektivt.

Ein tydeleg skildring av målgruppa– og ikkje minst ei samstemme om kva for brukarar som kvardagsrehabilitering ikkje er eigna for – har betydning for organisering og krava til kompetanse og leiing av kvardagsrehabilitering. Det vil seie at dess breiare målgruppa vert definert, desto større krav vert stilt til leiing og oppfølging av innsatsen i kvardagsrehabiliteringa.



6.0 Kartlegging og oppfølging

For å arbeide med kvardagsrehabilitering er det naudsynt med god kartlegging av brukar sine ressursar og målsetting for kvardagsrehabiliteringsarbeidet. For å kunne gjere dette må teamet i kvardagsrehabilitering ha god kunnskap og gode verkty.

6.1 Kartleggingsverkty

Arbeidsgruppa ser at dei fleste kommunar i Noreg nyttar seg av desse kartleggingsverktya i kvardagsrehabiliteringa og anbefaler og at Herøy kommune brukar desse i sitt arbeid med kvardagsrehabilitering.

Kva som blir kartlagt	Kartleggingsverkty
Fysisk funksjon	SPPB: Short Physical Performance Battery
Pleie-og omsorgsbehov	IPLOS: Individbasert pleie- og omsorgsstatistikk
Aktivitetsutfordringar og mål	COPM: Canadian Occupational Performance Measure

7.0 Dokumentasjon

Det er ønskeleg at teamet som arbeider med kvardagsrehabilitering registrerer arbeidet som blir gjort samt kartlegginga av dette skal gjerast for å kunne dokumentere om kvardagsrehabilitering har effekt. Under ser ein eit døme på eit registreringsskjema.

Til illustrasjon er det nedenfor lagt inn tenkte tall for 7 brukere:


Bruker	Før hverdagsrehabilitering har brukeren hatt:			Hverdagsrehabilitering		Timeinnsats per uke				COPM-kartlegging						SPPB-kartlegging			ADL-kartlegging (IPLOS)					
				Avsluttet rehab. perioden? (1=avsluttet, 0=ikke avsluttet)	Antall dager i hverdagsrehab. for brukere som har avsluttet	Samlet antall timer bistand i perioden	Før start (faktisk hjelp eller estimert)	I rehab. perioden	Ved avslutning	6 måneder etter oppstart	Ved oppstart		Endring i score fra oppstart til avslutning:		Score 6 måneder etter oppstart		Samlet score ved start	Endring i samlet score fra start til avslutning	Score 6 måneder etter oppstart	Gjennomsnittlig ADL-nivå ved oppstart	Endring i gjennomsnittlig ADL-nivå fra start til avslutning	ADL-nivå 6 måneder etter oppstart		
1	1	1	0	0	1	49	35,0	2,5	5,0	0,5	0,5	2,5	2,5	4,0	4,0	6,0	7,0	4	6	10	2,4	-0,6	1,9	
2	0	0	0	1	1	26	21,7	4,0	5,8	0,5	0,5	4,0	3,0	3,0	5,0	6,0	7,0	6	4	9	2,1	-0,2	1,9	
3	0	0	0	1	1	19	16,3	4,0	6,0	0,0	0,0	3,0	3,0	5,0	4,0	7,0	7,0	2	4	7	1,9	0	2	
4	0	0	1	0	1	58	49,7	4,0	6,0	1,0	0,5	4,0	4,0	3,0	4,0	7,0	8,0	2	4	5	1,9	-0,2	1,7	
5	1	0	1	0	1	119	132,6	6,0	7,8	3,0	1,5	3,0	2,0	4,0	6,0	7,0	7,0	1	3	6	2,2	-0,4	1,7	
6	0	0	0	0	1	19	9,5	1,5	3,5	0,0	0,0	4,0	3,0	2,0	4,0	6,0	6,0	3	3	6	1,9	-0,1	1,7	
7	1	1	0	0	1	28	22,0	3,0	5,5	1,0	1,0	4,0	4,0	4,0	3,0	6,0	6,0	3	4	5	2,1	0	2,2	
...																								
Antall	3	1	3		7																			
Gjennomsnitt						45	41,0	3,6	5,7	0,9	0,7	3,5	3,1	3,6	4,3	6,5	7,0	3,1	4,0	7,0	2,1	-0,2	1,9	

7.1 Dokumentasjon Gerica

All journalføring skal skrivast og dokumenterast i journalsystemet Gerica.

7.2 Samarbeidspartar

Som nemnt tidlegare er det viktig med ei brei forståing om kva kvardagsrehabilitering er, samt ha ei forståing om tverrfagleg samarbeid. Når ein skal starte med



kvardagsrehabilitering er det fleire samarbeidspartnarar som er viktige for å sikre god samhandling. Får å få ein felles forståing og ein felles plattform i arbeidet med kvardagsrehabilitering må ein ha samhandling både internt og eksternt. Nokre av dei viktigaste samarbeidspartnarane vil vere heimetenesta i Herøy, legetenesta, fysio/ergoterapitenesta, administrasjonen i pleie og omsorg, pårørande og frivillege organisasjonar. Det siste er viktig for å sikre ein god og brei forankring i satsinga på kvardagsrehabilitering.

7.3 Personell og økonomi, ressursar til kvardagsrehabilitering

Det er behov for eit kjernepersonale med, ergoterapeut, fysioterapeut, sjukepleier i 60 % kvar som er ressurspersonar i kvardagsrehabiliteringa. Dette kjernepersonale kaller vi motorteam. Disse bør ha kompetanse og vidareutdanning innan rehabilitering, der rolla er å kunne kartlegge behov, opplæring, haldningsendring, organisering.

Heimetrenerane blir heimetenesta i det enkelte distrikt.

I desse stillingane som motorteam bør det opprettast nye stillingar. Til saman 1,8 årsverk.


Reknestykket er då på kr 500 000,- x 1,8 årsverk x ca. 1,4 (løn, sosiale utgifter og arbeidsgivar avgift). Dette utgjer ca. kr 1 260 000,-

Bakgrunn for val av 60 % stilling per faggruppe er fleire.

- Ein føresetnad for at kvardagsrehabilitering teamet skal fungere er at dei arbeider tverrfagleg. Dette krev ein viss kontinuitet der teamet arbeider saman.
- Viktig å halde på fagressursar, mindre stillingar aukar sjansen for gjennomstrøyming.
- Erfaringar frå andre kommunar, viser at det krev så pass stor stillingsprosent for å få gjennomført kvardagsrehabilitering med dei arbeidsoppgåvene som ligger i arbeidet.
- Teamet har ansvar for haldningsendring og opplæring for personalet, brukarar og befolkning generelt.
- Det er umogleg å omgjere fagstillingar av det som er kjernepersonell pga lite ressursar. For å klare å få til kvardagsrehabilitering trenger vi nye stillingar i motorteamet.

7.4 Vil kvardagsrehabilitering føre til økonomiske gevinstar i kommunen?

Dei viktigaste argumenta for innføring av kvardagsrehabilitering er å gi betre kvalitative tenester, auka fokus på brukarperspektiv og utvikle eit meir førebyggjande og rehabiliterande



syn på tenestene. Det er rapportert om økonomisk gevinst i kommunane, som moglegvis bidreg til stor interesse for innføring av kvardagsrehabilitering. Ved kvardagsrehabilitering gir ein rett behandling til rett tid. Innføring av kvardagsrehabilitering vil utsette innlegging i institusjon og minske bruk av heimetenesta, som igjen har ein økonomisk sparande effekt. Vi veit at i framtida med dagens demografi blir eit meirforbruk av helseteneste om vi ikkje endrar på organiseringa. Ved kvardagsrehabilitering vil vi kunne minske dette meirforbruket og vil få ein økonomisk innsparing ved mindre bruk av ressursar.

8.0 Arbeidsgruppa sine anbefalingar


8.1 Arbeidsgruppa sine anbefalingar for god etablering av kvardagsrehabilitering.

Anbefalingane her er basert på rapporten "*Hverdagsmestring og hverdagsrehabilitering*", skrevet av prosjektgruppa "Hverdagsrehabilitering i Norge i 2012" og KS sin rapport utarbeidd av Fürst og Høverstad (2014). Desse anbefalingane støtter arbeidsgruppa seg til.

1. Kvardagsrehabilitering må forankrast i kommunen sin politiske, administrative og faglege leiing.
2. Kvardagsrehabilitering må planleggast med tilstrekkeleg og rett kompetanse.
3. Kvardagsrehabilitering må ta utgangspunkt i brukar sine ønskjer og individuelle mål for aktiviteten.
4. Kvardagsrehabilitering er tverrfagleg forpliktande.
5. Kvardagsrehabilitering krev systematisk kartlegginga og rekruttering av potensielle brukarar.
6. Kvardagsrehabilitering krev målretta styring av heimetenesta sine ressursar og forbruk, dvs avsett tid til trening med brukarar.

9.0 Handlingsplan

1. Planen vert politisk behandla våren 2016.
2. Det vert oppstart av kvardagsrehabilitering 01.01.2017.



10.0 Litteraturliste

FÜRST OG HØVERSTAD ANS KS – Hverdagsrehabilitering i norske kommuner Sluttrapport
Rapport hverdagsrehabilitering « frå passiv mottaker til aktiv deltaker» KS FoU-prosjekt nr.
134027 Sluttrapport 15.06.2014.

Ness N E, Laberg T, Haneborg M, Granbo R, Færevaa L, Butli H, Prosjektgruppen
Hverdagsrehabilitering i Norge(2012) *Hverdagsmestring og hverdagsrehabilitering*. Rapport.
Helse- og omsorgsdepartementet, Oslo.

Ness N.E. m.fl. (2012) Hverdagsmestring og hverdagsrehabilitering, ergoterapeutene, Norsk
sykepleieforbund og Norsk fysioterapeutforbund – prosjektgruppen Hverdagsrehabilitering i
Norge, september 2012

NOU 2011:11 *Innovasjon i omsorg* Rambøll (2012)

Hanne Tuntland og Nils Erik Næss. *Hverdagsrehabilitering*, Gyldendal Norsk Forlag 2014

Kjellberg P.K. m.fl. 2011, Sosialstyrelsen 2007, Sosialstyrelsen 2010

10.1 Internettside

www.ergoterapeutene.org (henta frå sida 07.07.15)

www.ergoterapeutene.org/hverdagsrehabilitering (henta frå sida 07.07.15)

<http://hverdagsrehabilitering.no/sites/hverdagsrehab/files/Prosjektbeskrivelse%20Fase%201.pdf> (21.09.15)

www.riksrevisjonen.no/Rapporter/Documents/2011-2012/Dokumentbase_3_11_2011_2012.pdf Henta frå sida 25.11.15



Avdeling for Barn, Familie og Helse

SAKSFRAMLEGG

Sakshandsamar:	IMT	Arkivsaknr:	2012/2168
		Arkiv:	223

Utvalsaksnr	Utval	Møtedato
17/16	Komite for Helse og omsorg	21.04.2016
	Formannskapet	10.05.2016
	Kommunestyret	25.05.2016

SØKNAD OM ØKONOMISK TILSKOT TIL DRIFT AV SENTER MOT INCEST OG SEKSUELLE OVERGREP MØRE OG ROMSDAL.

Tilråding:

Herøy kommune har etter ei ny samla vurdering funne å kunne gi støtte til SMISO for 2016. søknaden for 2016 vert innvilga. I samband med budsjett 2017 vert det teke opp om kommunen vil inngå ei meir langsiktig avtale med organisasjonen.

Kommunen si støtte på kr. 44.670,- belastast bundne fond.

**Vedlegg: Søknad om tilskot
Årsrapport 2014**

Saksopplysningar:

